

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 39.

Fylke: Sør-Trøndelag

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Loknedal

Emne: Høglidsmat ved familiefestar.

Bygdelag: Sørbyggda

Oppskr. av: Ola E. Skusaas

Gard: Skusaas

(adresse): Loknedal

G.nr. 34 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):
 Ein del av dette har eg høvert av: far min; han er 60 år
 gamal og gardbrukar. Golv er eg 25 år og gardsarbeidar.

SVAR

A. Fødselen.

1. Det har vore vanleg skikk her, og
 han held seg enno, at grannetoner og
 skyldfolk kom med mat til barsel-
 kona. Skyldfolk som budde lengre
 unna kunne koma meir sjeldan, med
 unntak av nure skyldfolk som mor eller
 svigermor til barselkona. Dei kom jo
 sjølv om vegen var både ei og to mil
 lang, og slik er det no og.

2. Dei kunne koma både enskildvis
 og flere i fylgje.

3. Innsom flere vart einige om å slå
 fylgje, så trur eg ikkje dei gjorde nokon
 avtale om kva dei skulle bera på
 førehand, då det oftast var slik at alle
 retta seg etter det som skikk var. No
 derimot er det omvorkis. Dei vil helst
 ikkje ha med seg same slag alle.

4. Dei næraste skyldfolka tok jo til

å koma alt andre dag, og så fylgde dei slag i slag. No er dei noko seinare ute, og dei fleste kjem ikkje før barselkona er oppgåande att.

5. Tume kunne koma kvar gong, andre mir skjeldan.

6. Grauten dei bar var helst risengrynsgraut, og somme hadde eit fint lag rømme-graut øst; desutan hadde dei med 2 kaker og noko kaffebrød, eller "bakels" som det heitte her. Var det karkone i huset, skulle ho og ha ei kake og ei brødstang. Dersom det var eldre småbarn i huset fekk dei ei kringle eller to kvar. Halvparten av det dei bar med seg fekk dei med heimatt, med unntak av grauten.

7. Dei bar med seg same slag om dei var i seg fleire gonger.

8. I dei eldste tider vi her veit om var det brukt dall (graut-dall) til å ha grauten i. Seinare kom skintøykerriner i bruk, og dei er til dels nytta ennå.

9. Barselmateri vart her helst kalla for "sengmat".

10. Det var helst kona sjølv som gjekk. No i det siste er dei ikkje så nøye om det.

11. I dei eldste tider me veit om,

var det ikkje vanleg at mannen fylgde med. Men så var det ei tid (1920-1935) at det var mykje vanleg at mannen var, med særleg når vegen var lang og ein laut køyra med hest. No i det siste er det mir skjeldan at mannen er med.

12. Sendingfolket fekk nok traktering dit dei kom. Det dei fekk kunne vera så ymist. Som regel fekk dei vin med det same dei kom, og likeins "bit-ti", det vil seia dei fekk noko mat i lasset for det vart bedne til bords. "Bit-ti" bestod av ein fjording himbakt kake, ei skive kjøpt kake, 2 livar, 2 hjarter vafle og ei kringle. Et dei ikkje ut opp fekk dei med heim. Telles var dei til bords 2 gonger. Dei fekk kaffe og brød første gongen. Andre gongen fekk dei kaffe og smør og kake og då fekk dei av gråntene dei bar med seg og likeins skulle dei smaka av dei gråntane andre hadde bori. Det vart ikkje gjort nokon skilnad her om det var gut eller jente.

13. Her kallar vi dette for "å gå med sergmat" eller "å i veg med grånt". Du tala ofte om at det kom "grånt-folk eller gråntkjerringar".

14. Var ikkje barselkona oppe fekk sendingfolket traktering av den kvinna som styde huset nett då.

15. Både gifte og ùgifte mødre fekk barselgrat.

16. Skikken med å lura sugmat har halde seg enno, men dei siste åra har sume like til å bruke gymse slag dessertar i staden for grat, og dei brukar og mindre porsjonar enn før. Summe brukar og berre ei gave til ungen, som til dømes eit klesplagg eller noko i den lei.

17. Før var det meir sjeldan at dei hadde med noko til ungen ved fyrste sendinga, men det er meir vanleg no i det siste.

18. Som eg alt har nemd gjev sume no berre gave til ungen. Det kan vera noko slag klode eller pengar.

19. Det har vore vanleg skikk å halda dåpskalas. Før i tida var det fadderne sjølesakt som var med, men utanom dei møtte grannar og slektninger opp utan dei var budne.

20. Dåpskalaset kallar me her „barsøl“.

21. Sendingar hadde gjestene med, og det var grat, kake og noko kaffebrød. Det var ingen fast spiseseddel, men det var jo sjølesakt grat sidan mange hadde med seg det. Og så var det mykje brukt noko dei her kalla „mørsje“.

Det var "kokaost", ost som var laga ved at mjölka vart löyst med saips. Lunde ostu kawa di sund og at han i lag med mjölk. Det var og middag, og da helst kokt kjøt. Det var sog öl til matu. Til kveldsmat var det kaffe og kake.

22. Det var ikkje slik at alle skulle ha likt med seg, og ~~hø~~ som bar barnet hadde ikkje meir enn dei andre.

23. Nå er det berre fadderne til barnet som er med i dåpsgildet, og sume gonger besteforeldra. Dei ber heller ikkje sendingar no, men det er mykje vanleg å ha med seg ei blåtkake eller noko liknande. Elles får ungur dåpsgaver av fadderne til ein verdi frå 10 kr - 25 kr.

B. Fødselsdag.

24. Dei fjira nok fødselsdagane både for born og vaksne, men det var ikkje noko stort gilde, Det var berre næraste grannen og næraste slekta som vart bedne på ein kopp kaffe. Dei bad heller ikkje alle på same tid.

25. Nå er det berre på nokre få stader at dei held fødselsdag for vaksne kvart år. Det er helst ved 50-60-70-80 år dei har selskap, og det er ikkje alle som har det då heller.

26. Når dei held fødselsdag for kvart år så er det berre næraste grannen og næraste slekta som er bedne, men no er det jammast berre husfolka som kokar seg ein ekstra kaffetar den dagen. Ved høgtiding av runde tal vert fleire bedne og då fer dei misødag og.

27. Det er skjildan at det vert gjeve gaver til fødselsdagen anten ved 50, 60, 70, 80-års dagar, og til born som sjølusakt set stor pris på å få gaver

28. Dei hadde ikkje nokon viss rett ved høgtiding av fødselsdagar.

29. Når dei høgtidar fødselsdagar no, så brukar dei dildes å ha bløtkaker og likeins chocolade.

C. Konfirmasjon.

30. I dei eldste tider som me vit om, feira dei ikkje konfirmasjon i det heile.

31. Nå vert det halde konfirmasjonsfestar og det kom i bruk ikring år 1920.

32. Dei ein brukar å be er fadderne og læraren. Elles vert dei bedne som sender gaver til konfirmanten.

33. I fyrstinga etter at konfirmantfestar kom i stand, sende dei nok

7
sendingar, men no ve dei så å sin
heilt slutt over alt.

34. Gaver får konfirmanten, og det kan
han/ho få av andre enn dei som fyrst er
bedne til festen.

35. Nokon faste rettar har ein
ikke, men dei som kjem har som
regel ei kake med seg som dei
anden har laga sjølv eller kjøpt
hja ein baker.

Den Bryllups Dinnersammen

36-37. Det har ikke vore vanleg
å ha forlovingsgilde her.

38. a) Det var 3 måltider, frokost,
middag og kveldsmat. Elles var det
3 gonger kaffe og brød.

b) Det fyrste gjestane fekk når
dei kom om morgonen var vin og
bit-ti. (om bit-ti, sjå pkt. 12.) Dette
var jo så mykje at dei vann ikke
med å eta opp alt med det same, så
dei åt av det ved kaffe bordet og elles
seinare på dagen. Kvinnfolka som ikke
hadde lommur å ha dette i, laut jo fara
å bera på desse matbitane millom
hendene. Eller dei rett og slutt la dei
i frå seg i ein vinduskarv eller
likmands, for så å ta det att seinare.
Og dei hadde det nok mange gonger

samtla til seg ikkje så lite með stór og úrinskap. Karane putta like góðt dette i tröylomma, og det var mange gongur lúgumt som miste nær kyrkjivegen. var lang.

Etter bit til var det kaffe og bröd og direkte frokost som var smör og kake. Etter frokosten fór dei til skjaska, men dei som var alt i heimen fekk kaffe. Når dei kom ath frá kyrkja var det middag, og det var helst kjøtmat, enten som sodd eller berre vanleg kokt kjøt. Seinare var det kaffe og til sist kveldsmat.

c). Brúagraut haude hiime i alle byllaup, og det var rømmegraut. Han vart servert 2. dagen i lag með kokt saltfisk.

d). Ii hadde ikkje anna fast program for 2.- og 3. dagen enn at det skulle vera brúagraut til middag 2. dagen.

39. Sendingar var brúkt i eldre tider og det har haloe seg så og sia hilt til no, men dei brúkar miníore no enn for. Der heile hústýden var beðne hadde dei full sending, og det var: 8 kaker, drar 2 kliske kaker (smörkaker), ein stabel vafler, 1 kjøtlar (sau) 1 stykkje flest, 2 kg smör lagt i form, eit fat gumm 2-4 kg, ein mjölkost, 50 livar (kaffebröd), 2-3 klinningslivar, 1/2-1 kg risingryn.

9
og noko kaffebrød. Om morgonen
dagen före bryllaupet var dei i veg
med mjölk, 4-6 l. 2. dagen hadde
dei med ei spanne mjölk og eit par
l römme, og likviis ei spanne med
mjölk 3. dagen.

Der det var både berre ungdom
sende dei ikkje sendingar.

40. Dei pynta smøret med at dei
la det i mønsterkorve former.

41. Bemannen samta ikkje inn
kjøt når han ba til bryllaups.

42. Her kallas sendingen "bering!"

43. Tjener av bryllaups-gjesterne
var bedne til kvelds, d. v. s. dei
skulle koma kvelden före bryllaupet,
andre var bedne til fyrste dags
morgon. Der dei var bedne til
kvelds, var sjölvfolka i veg med sen-
dingen om kvelden. Dei andre hadde
sendingen med om morgonen.

44. Dei som kom med sendingene
om kvelden fekk nok frakteridg.
Det var vin og "bit-ti", kaffe og
brød, og etterpå mat som bestod
av ribsgrynsuppe og kokt saltfisk.
Festlighetene hadde ikkje anna
namn enn "beringskvelden".

45. Det vart ikkje sendt med mat

heimatt om beringskvelden.

46. Det var gamalkona som stod for maten og heimattsendinga i lag med eit par slektingar. Det var ikkje noko særskild namn på desse konene.

47. Det er enno mykje brukt 40 dagars bryllaup, og fram til for omlag 15-20 år sidan var det brukt 3 dagar. No har det det vorte meir slått med å ha beringar med, og dermed er og beringskvelden fallen bort. Matrettane er bytt ut med nye, og av dei gamle var det "bit-fi" som fyrst var borteke, for omlag 30 år sidan.

48. Mange fer no til byen eller andre meir sentrale strok og held bryllaupa sine på hotell.

49. Fjerne gifter seg utan å halda bryllaupslag, med dei dei vert vigde på kontoret hjå presten i nærvege av eit par vitner.

50. Like som gifter seg på kontoret hjå presten, får som regel heller ikkje bryllaupsgåver.

51. Det er ingen her som festar på årsdagen for bryllaupet sitt. Det er berre ved sølv- og gullbryllaup, men ikkje alle høgtidars lesse dagane heller.

52. Det som vart bedne til gravøl var skyldfolk og heilt til Lytkjenborn og grannane innan ein viss kring ^{"felaget"} og andre særskilde kjenningar og venur til den avlidne.

Det vart kring ein mann til å fara kringom og be. Lytkjen, born og dei næraste grannane vart bedne til "gravøls" og skulle møte beringskvelden. Lytkjenborn og venur, og grannar lengre innan vart bedne til "følge" og skulle møte om morgonen gravferdsdagen.

53. For vara gravølet i 3 samfulle dagar. Næraste slekta og næraste grannen deinne og vert bedne fjorde dagen og, og det var like mange måltider som ved bryllaup.

54. Maten var og den same som ved bryllaup (sjå pkt 38), og han vart servert ved langbord.

55. Her har det vore brukt alle slag mat ved gravøl som ellers.

56. Hovudmålet hadde ikkje noko særskild namn.

57. Der det var liten plass i himmen som til dømes på ein husmanns-plass kunne gravølet bli halde

på hovudgården

58. Dei som var bedne til „gravøls“ møtte opp med sendingane på „beringskvelden.“; dei som var bedne til „følge“ hadde det med seg om morgonen gravferdsdagen, og dei hadde og berre det halve av full bering.

Men dei og møtte fram med mjølk om morgonen dagen føre gravferda, og var dei attberne andre dagen hadde dei og mjølk og rømme med.

59. Det var berre smøret som var pynta særskild da det vart pynta i form.

60. Det var beringskveld ved gravøl som ved bryllup.

61. Det var ingen skilnad på maten om den avledne var gift eller ikkje.

62. 3. dagen fall fyrst bort, så beringskvelden, og no i det siste har dei til dels gått over til berre ein dags gravøl. Beringane er og mindre og nye matrettar ~~som~~ er kome i staden for dei gamle. Men det er ikkje mer enn omlag 15 år sidan skiftet tok til.

63. I staden for maltøl har mange laga øl av ymse slag kjøpt heimebygg.

64. Dei gamle skikkane vart bygt ut noko lidlegare ved bryllaup enn ved gravøl, men det var ikkje mykje.

65. No er det meir moderne rettar som er kome i staden for dei gamle, men maten vert servert ved langbord, og antal måltid om dag er like mange. "Bitti" er sjölosakt bortlike og likeins vin og tildels öl.

66. Tiime brukar öl enno.

67. Alle gravøl vert her halde i heimane. Umakke er gamle einlege som dei på gamleheimen og vert gravlagt derifrå.

68. Ein brukar ikkje skriftleg innbydning til gravøl her.

69. Ein tok til å anonsere dødsfall i avisene for omlag 15-20 år sidan.

F. Nye festar.

70. Her er det ingen tradisjon om kva slag mat ein skal ha 17. mai.

71. For omlag 10 år sidan tok nok ein del opp skikkene med å feira morsdagen, men det er enno ikkje alle som gjer det, og om det vert gjort eit år, vert det kanskje ikkje eit anna år. Ein feira ikkje dagen på annan måte

men ved å gi gaver.

72. Farsdagen er det så og sies ingen her som legg nemnande merke til.

73. Det er ingen faste rettar på desse dagane, men ei kake kan bli brukt i staden for gåve.

74. Dei fleste lagar jo kakene sjølve og då vel dei sjølvakt ei dei sjølv likar.

75. Eg trur avisene var ein stor årsak til at desse dagane vart kjendte her. Men dei vart og kjendte gjennom slike som hadde hatt opphald utafor bygda.